



## Protokoll årsmøte Vest Landbrukstjenester tysdag 15. mars 2022 kl 1200

**Desse møtte:** Norunn Britt Rygg Seljeset, Heidi Håheim, Sonja Skaare Esperø, Salvatore Ligia, Gunnar Øen, Torhild Kleppe, Hans Petter Hånes (tilsett-styremedlem), Arne Dalsbø. I tillegg møtte Liv-Ingrid Iversen Rand, Vigdis Valheim og Knut Sigurd Gald frå administrasjonen. Til saman var det 11 personar som deltok i årsmøtet. Det var 7 med stemmerett som deltok.

### Saksliste

#### **Sak 01 Godkjenning av innkalling og saksliste**

##### **Vedtak:**

Ingen merknader, samrøystes godkjent.

#### **Sak 02 Val av ordstyrar/møteleiar**

##### **Vedtak:**

Norunn Britt Rygg Seljeset

#### **Sak 03 Val av 2 personar til å skrive under møteboka**

Møteleiaren og minst ein annan person som årsmøtet skal velje mellom dei som deltek, skal signere protokollen

##### **Vedtak:**

Norunn Britt Rygg Seljeset og Torhild Kleppe

#### **Sak 04 Årsmelding 2021**

Då berre styret var til stede, vart ikkje årsmeldinga lest opp på nytt.

##### **Vedtak:**

Ingen merknader, samrøystes godkjent.

#### **Sak 05 Rekneskap 2021 – disponering av årsresultat (underskot)**

Då berre styret var til stede, vart ikkje rekneskapen gått gjennom på ny. Firda Revisjon og Rådgivning AS har revidert og godkjent rekneskapen.

##### **Vedtak:**

Ingen merknad til rekneskapen, samrøystes godkjent.

##### *Disponering av underskotet*

Styret si tilråding: Underskotet kr 108 810 vert å trekke frå fri eigenkapital (Ny fri EK 537 412)

##### **Vedtak:**

Styret si tilråding samrøystes godkjent. Underskotet kr 108 810 vert å trekke frå fri eigenkapital (Ny fri EK 537 412).



## **Sak 06 Budsjett 2022**

### **Vedtak:**

Samrøystes godkjent.

## **Sak 07 Styret sin årsplan 2022**

### **Vedtak:**

Årsplanen for 2022 vart samrøystes godkjent.

## **Sak 08 Val etter vedtektene**

- Val av styremedlem for 2 år
- Val av leiar for 1 år
- Val av nestleiar for 1 år
- Val av vararepresentantar til styret for 1 år
- Val av revisor for 2022
- Val av medlem og vara medlem til valnemnda

*Forslag til val frå valnemnda.*

### **Val av styremedlem for 2 år**

- Heidi Håheim på val. Forslag frå valnemnda om attval.
- Gunnar Øen på val. Forslag frå valnemnda om attval.
- Torhild Kleppe på val. Forslag frå valnemnda Rune Haugen.

### **Val av leiar for 1 år**

- Norunn Britt Rygg Seljeset på val. Forslag frå valnemnda om attval.

### **Val av nestleiar for 1 år**

- Heidi Håheim på val. Forslag frå valnemnda om attval.

### **Val av vararepresentantar til styret for 1 år**

- 1. Arne Dalsbø på val. Forslag frå valnemnda om attval.
- 2. Ragnvald Bergset på val. Forslag frå valnemnda om attval.
- 3. Ola Einar Lillestøl på val. Forslag frå valnemnda om attval.

### **Vedtak:**

- Forslag frå valnemnda er samrøystes godkjent.

*Styret har satt fram forslag til val av revisor og valnemndmedlem.*

### **Val av revisor for 2022**

- Firda Revisjon & Rådgivning har gjeve tilbod på kr 21 000.

### **Val av valnemndmedlem**

- Val av nytt medlem til valnemnda for 3 år. Forslag: Einar Helge Tomasgard
- Val av nytt vara medlem til valnemnda Jannicke Kroken samt attval av Åge Ervik og Rolf Olav Gjørven som vara medlemer.

### **Vedtak:**

- Forslag frå styret er samrøystes godkjent.



### Styret for 2022 ser slik ut

- Norunn Britt Rygg Seljeset leiar
- Heidi Håheim nestleiar
- Sonja Skåre Esperø
- Salvatore Ligia
- Gunnar Øen
- Rune Haugen
- Hans Petter Hånes tilsettrepresentant

### Varamedlemmar

- 1. Arne Dalsbø
- 2. Ragnvald Bergset
- 3. Ola Einar Lillestøl

### Varamedlem tilsettrepresentant

Anna Othilie L Hove

### Revisor

Firda Revisjon & Rådgivning

### Valnemnd

- Svein Per Ervik leiar
- Jogeir Agjeld
- Einar Helge Tomasgard
- Åge Ervik vara
- Rolf Olav Gjørven vara
- Jannicke Kroken vara

### Sak 09 Godtgjersle til tillitsvalde

- Møtegodtgjersla er kr 1000 pr møte, kr 125 pr time for lang køyring og leiargodtgjersle kr 7 500. Køyregodtgjersla fylgjer statens satsar.
- Godtgjersla for å delta på kurs/møter med overnatting for medlemmar av styret:
  - Reelle dokumenterte utgifter til avløyning ved bruk av timelister vert dekkja.
  - Alternativt kan deltakaren velje å få lønsutbetalt beløp tilsvarande gjeldande dagsats for sjukdomsavløyning.
  - Tilsetterepresentanten har ordinær løn.

### Vedtak

Det vert ikkje endringar i godtgjersla.

### Til slutt innleia Gjermund Stuve om «bønder, beredskap og velferdsordningar i fokus»

Gjermund Stuve hadde eit engasjert innlegg. Han reflekterte over framtida til Landbrukstenestene.

Han viste til kor viktig det er at bøndene er medlemmar og bruker Landbrukstenestene aktivt. Dette er avgjerande for at vi skal klare å halde oppe beredskapen med landbruksvikarar og krisehjelp i kommunane.



Han kunne også fortelje om eit godt drevet lag i Hordaland. Over tid har dei opparbeidd eit stort nettverk av tenester som dei kan tilby medlemane. Mellom anna klauvskjering, tømrrarar, utleige av lift, HT-Gjerde, reinhald og vaktmeistertenester.

Dette gjev laget fleire bein å stå på. Større omsetning, fleire arbeidsplassar og betre økonomi. NLT Hordaland er eit stort lag som til saman dekkjer 13 kommunar.

*Vigdis Valheim*

Vigdis Valheim  
- Referat -

*Norunn B. R. Seljeset*

Norunn Britt Rygg Seljeset  
- underskrift møtebok -

*Torhild B. Kleppe*

Torhild Kleppe  
- underskrift møtebok -